



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamarar, innvalstelefon  
Rune Fjeld, 5557 2016  
Håvard Rød, 5557 2143  
Edvard Høgestøl, 55 57 20 45

Vår dato  
15.07.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/10052  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Økonomisk handlefridom - ingen kommunar frå Hordaland i ROBEK

Frå 3. juli i år er det for første gong ingen kommunar frå Hordaland fylke i ROBEK-registeret.

ROBEK-registeret vart innført frå 1. januar 2001. Kommunar som kjem i økonomiske problem kan bli registrert i ROBEK-registeret jmf. kommunelova § 60. Situasjonen kan til dømes vere den at ein kommune har fastsett eit årsbudsjett utan at alle utgifter er dekte inn på budsjettet eller har fastsett ein økonomiplan utan at alle utgifter er dekte inn på økonomiplanen. Registrering i ROBEK kan også skje når ein kommune ikkje følgjer vedtatt plan/reglar for dekning av underskot.

Registreringa inneber at staten, Fylkesmannen, får ein utvida godkjenings- og lovlegkontroll med den registrerte kommunen. Fylkesmannen skal godkjenne vedtak om opptak av lån og vedtak om langsiktige avtalar om leige av bygningar, anlegg og varige driftsmidlar som kan påføre kommunen utgifter ut over dei fire neste budsjettåra. Fylkesmannen må dessutan gjennomføra kontroll av om kommunestyret sitt budsjettvedtak er lovleg.

Berre tre andre fylke deler Hordaland sin ROBEK-frie status (samt fylket/kommunen Oslo). Det er på sin plass å gi honnør til dei 18 kommunane som har vore innom ROBEK sidan 2001 og som har styrt seg ut av registeret, og sjølvsagt også til dei 15 kommunane som aldri har vore i ROBEK.

Etter opprettinga av registeret var det i byrjinga 57 kommunar totalt i landet i registeret. I dei første åra etter at registeret blei oppretta auka talet på registrerte kommunar. Frå og med 2008 har talet på kommunar vore på eit noko lågare nivå, det vil seie mellom 40 og 60 registrerte kommunar i landet. Det er no 45 kommunar i landet i registeret, etter oppdatering per 08.juli d.å.

I Hordaland vart dei to siste kommunane, som har vore registrerte, teken ut av registeret med effekt 3. juli i år. Det var Stord og Osterøy.

Vi ynskjer at fylket også i framtida skal vere utan kommunar i registeret. Vi veit likevel at det vil vere ei stor utfordring for kommunane i fylket heilt å unngå framtidig registrering, blant anna i lys av den økonomiske resultatutviklinga i den siste perioden.

Fylkesmannen gir kommunane tilbod om økonomisk rettleiing, og vi ynskjer at kommunane ser seg tente med det. Rettleiing og informasjon vil kunne vere eit av fleire bidrag til at kommunane kan oppretthalde økonomisk handlefridom.

Fylkesmannen har praktisert å gi tilbakemelding på alle hordalandskommunane sine årsbudsjet og økonomiplanar. Vi har ikkje berre gitt tilbakemelding til dei kommunane som er i ROBEK-registeret. Vi ser denne praksisen som føremålstenleg og som ein del av den økonomiske rettleiinga og informasjonen til kommunane.

Vi utarbeider også økonomiske oversikter og publiserer økonomiske samanlikningsmodellar, og har oppfordra til bruk av tilgjengelege styringsverktøy, som t.d. KOSTRA. Vi vil vere på tilbodssida for rettleiing og informasjon også her.

Målsetjinga er også i denne samanhengen å bidra til økonomisk handlefridom og stabilitet i kommunane. Vi ynskjer å ha stor merksemd på økonomiplanen og dei langsiktige økonomiske konsekvensane.

Fylkesmannen sin gjennomgang av budsjett og økonomiplanar, samt økonomiske indikatorar/ resultat, bidreg også til at vi sjølv får betre oversyn over situasjonen i kommunane og dei konkrete økonomiske utfordringane.

Vi ynskjer i vårt samarbeid med kommunane å bidra til at kommunane får ei økonomisk utvikling i balanse med handlefridom over tid.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*